

Det norske folk av ymis byrd

Tone: For Norge kjempers fødeland

1) Det norske folk av ymis byrd
maa stræva hardt for føda
aa um den natinale byrd
ein hev so mangt aa røda
men Norrigs menn paa staen kvil
stans bonde burti veg aa gjil
den nationale vyrd me vil
sjaa paa eit litegranne

2) Da kunne let seg mykje vel
aa hatt ein annan styρνad
at me er upp i skull aa gjell
kjem av forlite vyrdna
me veit det er 'kje alltid feitt
det er kje heller alltid greitt
men da me allesaman veit
da gjelde visleg styρνad

3) Kor er det no kor var det fyr
kven er no paa aa stola
sjaa trygveson aa Sverres styr
aa so han heilag Ola
naar lande i si bløming stend
ein heve fjelga gar aa grend
i folkeheimen kjent aa kjend
aa varm er folkesola

4) Me veit kva fedrane hev røynt
me læs um mang ei ræra
dar er 'kje raa aa ha det løynt
da stend for opne døra
der var den same sjau so no
ein hadde raa paa folkeblod
so freden fekk 'kje tid aa gro
ein lite godt fekk høyra

5) Djaa fregdarmenn i by aa bygd
sjaa menn i hus aa hytta
sjaa ervesølv aa fridomstrygd
sjaa korleis vart det skytta
men er det ikkje endaa so
me hava menn av same to
du hugsar vel kvarhelst dei sto
i all sin vetolue

6) Ein var 'kje redd for noko tap
ein elska minsta bale
parti aa tru aa vengjeskap
ein saag kje noko gale
tyskt aa franskt aa du kor gildt
i storleik ingjen ting er spildt
eit leikesaar er aller ilt
sjølv um det brenn aa svie

7) Me vyrndad for vort land maa ha
for folk aa all vor dugnad
aa alle paa den lina dra
so gjev os fred aa hugnad
naar nokon ufred byrja paa
nøytrale daa sovidt so raa
aa hjelpa der me naudi sjaa
i klæ, i mat aa drikka

8) Upp norske kvinnor, upp med mot
upp norske menn aa gutar
me so hev elska fjell aa fot
aa alle norske nutar
me elskar fram vor bygd vor by
me elskar fram vor kyrkjelyd
so vil den morgon eingong gry
me heisa fridoms merkje